



«Mottakernavn»
«Adresse»
«Postnr» «Poststed»
«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Vilde Omholt, 55 57 21 89

Løyve etter forureiningsforskrifta til mudring i sjø ved gnr./bnr. 27/10 ved Færøya i Kinn kommune for Norled AS

Statsforvaltaren gjev Norled AS løyve til mudring av ca. 400 m³ massar over eit areal på ca. 550 m² i sjø ved gnr./bnr. 27/10 i Kinn kommune. Formålet med tiltaket er å betre innseglinga til Færøya og område ved kai for å leggje til rette for større fartøy som vil bli tatt i bruk frå slutten av 2023.

Løyvet kan ikkje tas i bruk før det føreligg nødvendig løyve etter plan- og bygningslova.

Løyvet er gjeve med heimel i forureiningsforskrifta § 22-6.

Vi viser til søknad motteken 31. januar 2023.

Vedtak om løyve

Statsforvaltaren gjev løyve til mudring i sjø til Norled AS. Løyvet er heimla i forureiningsforskrifta § 22-6. Løyve er gjeve på spesifikke vilkår som er lista opp i eige vedlegg.


Vedtak om gebyr for sakshandsaming

Statsforvaltaren tar gebyr for arbeid med løyve og kontroll etter forureiningslova. På bakgrunn av Statsforvaltarens ressursbruk i saka, tek vi gebyr etter sats 7, 18 700 kroner, for handsaming av søknaden, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-3 og 39-4. Faktura vert sendt frå Miljødirektoratet. Sjå forureiningsforskrifta kapittel 39 for å lese meir om sakshandsamingsgebyret.



Om tiltaket

Norled AS søker om løyve til mudring/sprenging av ca. 400 m³ ved gnr./bnr. 27/10 ved Færøya i Kinn kommune. Mudringa inkluderer sprenging av ca. 215 m³ av ei grunne ved innseglinga til Færøya, samt sprenging/mudring av ca. 185 m³ ved kai, sjå figur 1.




Figur 1 – Oversiktsbilete som viser områda som skal mudrast ved Færøya i Kinn kommune.

Frå november 2023 vil det bli tatt i bruk nye båtar i båttransporttenestene i Florabassenget, og på grunn av krav frå Skyss/Vestland fylkeskommune vil dei nye båtane vere større enn dagens båtar. Føremålet med mudringa er derfor å betre innseglinga til Færøya og å auke seglingsdjupet ved ein kai for å legge til rette for dei større båtane.

Arbeida inkluderer undervasssprenging og mudring slik at vassdjup etter mudring er under -3 meter. Tiltaket skal utførast frå skip med bruk av gravemaskin og grabbmudring. Mudra massar vil bli tatt om bord i lekter, og det er planlagt ombruk av massane i eit byggeprosjekt på land i Kinn kommune. Tiltakshavar ynskjer å gjennomføre tiltaka etter 31. mai av omsyn til gyte- og oppveksttida for kysttorsk. Arbeida vil vare i om lag ein veke.

Tiltaksområdet er registrert som eit regionalt viktig gytefelt for torsk (figur 2), og det er registrert fleire større tareskogførekomstar med verdi "svært viktig" i området (grønt område, "Marine naturtypar" i figur 2). Ca. 250 meter frå grunna som skal mudrast er det også registrert fiskeplassar for passive og aktive reiskap. Tiltakshavar har undersøkt grunna der det skal mudrast, og dei finnar ingen tareførekomst av betydning i det aktuelle området. Sjøbotnen består i hovudsak av berggrunn med eit tynt lag sand oppå.

Det er ingen kjente kjelder av forureining i nærleiken av tiltaksområda. Tiltakshavar har vore i samtaler med Velforeininga på øya, og det ikkje vore noko form for industri, båtverft eller liknande i området tidlegare.



Figur 2. Oversikt over fiskeriinteresser ved tiltaksområda. Henta frå Kystinfo.no

Høyring

Søknaden vart sendt på høyring til Bergens sjøfartsmuseum, Sogn og Fjordane Fiskarlag, Kinn kommune og Fiskeridirektoratet. Frist for å gje uttale var 23. mai 2023. Vi fekk følgande høyringsutsegn:

Kinn kommune (3. mai 2023)

Kinn kommune skriv at området er i gjeldande plan (kommuneplanens arealdel 2017-2027) avsett til bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone. Det må derfor søkjast om dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8 og gjeldande plan. Kommunen har ikkje handsama søknaden om dispensasjon, men har sett saka på vent inntil Statsforvaltaren har gjeve løyve etter forureiningslova.

Bergens sjøfartsmuseum (24. april 2023)

Museet kjenner ikkje til kulturminne ved gnr./bnr. 27/10 i Kinn kommune som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Museet har derfor ingen merknader til det planlagde tiltaket, men gjer merksam på den generelle plikten etter kulturminnelova (Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne) om stans i arbeid og varsling til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne.



Rettsleg grunngeving for løyve

Forureiningslova

Mudring og dumping i sjø krev løyve etter forureiningsforskrifta § 22-6 når arbeidet skjer frå lekter. Statsforvaltaren er forureiningsstyremakt etter forureiningsforskrifta. Når Statsforvaltaren vurderer om det skal gjevast løyve til forureinande verksemd, og eventuelt på kva vilkår, skal vi leggje vekt på forureiningsulempene ved tiltaket haldne saman med fordelar og ulemper tiltaket elles vil kunne føre til jf. forureiningslova § 11 siste ledd. Statsforvaltaren legg til grunn anbefalingar i Miljødirektoratets rettleiar M-350/2015 *Handtering av sediment* i vår vurdering av saka.

Naturmangfaldlova

Forvaltningsmåla i naturmangfaldslova §§ 4 og 5 ligg til grunn for Statsforvaltarens myndigheitsutøving. Videre skal prinsippa i §§ 8 til 12 om blant anna kunnskapsgrunnlag, føre-var-tilnærming og samla belastning leggjast til grunn som retningslinjer når Statsforvaltaren treffer avgjerder som rører ved naturmangfald.

Vassforskrifta

Søknader om løyve til tiltak i sjø og vassdrag skal også vurderast etter vassforskrifta. Vassforskrifta innehelder forplikande miljømål om at myndighetene skal sørge for at alle vassførekomstar skal oppnå god kjemisk og økologisk tilstand innan 2027 med mindre det er gitt unntak med heimel i § 9 eller § 10.

Avgrensing mot plan- og bygningslova

Statsforvaltaren kan ikkje gje løyve etter forureiningslova § 11 dersom dette er i strid med endelege planer etter plan- og bygningslova. Kinn kommune skriv i sitt høyringsutsegn at tiltaket ikkje er i tråd med gjeldande plan, og at det må søkast om dispensasjon. Kommunen har motteken ein slik søknad frå tiltakshavar, men har sett saka på vent inntil Statsforvaltaren har gjeve løyve etter forureiningslova. Løyve frå Statsforvaltaren vil ikkje kunne tas i bruk før det føreligg nødvendig løyve etter plan- og bygningslova frå kommunen.

Vår vurdering av søknaden

Statsforvaltaren vurderer at søknaden med tilhøyrande dokumentasjon er i samsvar med forureiningsforskriftas § 36-2 sine krav til innhald i søknader om løyve etter forureiningsforskrifta.

Grunngeving for valde vilkår og krav

Mudring og sprenging i sjø vil kunne medføre spreining av partiklar som kan ha negative effektar på naturverdiar. Det kan blakke vatnet og nedslamme omkringliggande sjøareal, og partiklar i for høge konsentrasjonar kan ha negative effektar på fisk, skaldyr, og marint naturmiljø. Frå søknaden går det frem at sjøbotnen i tiltaksområdet i hovudsak består av berggrunn med eit tynt lag sand oppå, noko som kan gi ein lågare spreingsrisiko. Tiltaket skal utførast på ein mest mogeleg skånsam måte som minimerer spreining av partiklar og tilslamming av vassmassane.

Dersom sedimenta i tiltaksområdet er forureina, kan også forureining verte spreidd. I dette tilfellet skal tiltaket utførast i eit område utan tidlegare verksemd og det er ikkje kjende forureiningskjelder i nærleiken. Statsforvaltaren har derfor ingen mistanke om forureining i sedimenta i tiltaksområdet.



Trykkbølger i sjø frå undervasssprenging kan skremme, skade og eventuelt drepe fisk som er i nærleiken av sprengingsområdet dersom trykkbølgjene er for høge. Tiltaksområdet ligg i eit regionalt viktig gytefelt for torsk. Gyte- og oppvekstperioden for torsk er frå 1. februar til 15. juni, og det er viktig at gytemoden fisk kan svømme tilbake til gytefeltet utan å møte på hindringar eller bli skremt og at tiltaket ikkje påverke sjølve gyteprosessen til torsken. Tiltakshavar har føreslått at tiltaket ikkje skal utførast i gyte- og oppvekstperioden for torsk. Statsforvaltaren er einig i denne vurderinga og tek det inn som eit vilkår i løyvet.

Ved tiltaksområdet er det registrert fleire større tareskogførekomstar som er vurdert som svært viktig. Tiltakshavar har undersøkt området og har funnet det ikkje er tareskog av betydning i området der det skal mudrast. Sjøbotnen i det aktuelle området består stort sett av berg/steingrunn. Det vurderast derfor som lite sannsynleg at tiltaket vil ha ein negativ påverknad på tareskogførekomstane.

Frå sprengingsarbeid kan det bli danna små og store plastbitar som vert spreidd i miljøet. Plast bruker lang tid på å brytast ned, og det har en negativ og uønskt påverknad på miljøet. Statsforvaltaren stiller vilkår for å avgrense tilførsel av plastavfall til omgjevnadene.

Mudra massar frå sjø vert rekna som næringsavfall, jf. forureiningslova § 27 a andre ledd. Det følger av forureiningslova § 32 at næringsavfall skal bringes til lovleg avfallsanlegg eller attvinnast. Massar som er dokumentert å tilfredsstillere tilstandsklasse I-II, jf. M-608/2016 kan nyttiggjerast, forutsett at massane enten opphøyr å vere avfall eller på annan måte nyttiggjerast ved å erstatte materialar som elles ville vorten nytta. I dette tilfellet skal massane nyttast i eit byggeprosjekt på land. Statsforvaltaren legg til grunn at massane tilfredsstillere krava for attvinning og at bruken av massane blir gjort i tråd med gjeldande regelverk.

Tiltakets avgrensa omfang og varigheit gjer at Statsforvaltaren vurderer risikoen for naturmiljøet når det kjem til spreiding av partiklar og undervassstøy som akseptabelt.

Vurderingar etter naturmangfaldlova og vassforskrifta

I samband med utarbeiding av søknad om løyve etter forureiningslova er det henta inn informasjon om moglege forureiningskjelder i området og det er henta inn informasjon om viktige natur- og fiskeriinteresser i området frå databasar via Kystinfo.no.

Krav til kunnskapsgrunnlaget er etter vår vurdering oppfylt, jf. naturmangfoldloven § 8. Sidan vi vurderer kunnskapsgrunnlaget som tilfredsstillande, vil ikkje føre-var-prinsippet (NML § 9) kome til anvending.

Vi har teke omsyn til økosystemet og den samla belastninga (NML § 10) gjennom vurderingar som ligg til grunn for krava som er sett i vilkåra i løyvet. NML § 11 påpeiker at det er tiltakshavar som skal bære kostnadene til avbøtande tiltak. Dersom det er naudsynt med driftsstans på anlegget for å unngå uakseptabel grad av forureining som følgje av anleggsverksemda, vil denne meirkostnaden også reknast som i samsvar med NML § 11. Vi krev også at det skal nyttast dei beste moglege tekniske løysingane som ut frå ei kost/nytte-vurdering gjev best mogleg resultat for miljøet, jf. NML § 12. Elles viser vi til våre vurderingar og grunngjevingar ovanfor under punktet kalla *Grunngjeving for valde vilkår og krav*.

Miljømålet i vassforskrifta er at alle vassførekomstar skal oppnå minst god økologisk og kjemisk tilstand. Ein forverring av ein vassførekomst kan ikkje tillatast dem mindre det er moglegeheit til å gje unntak, jf. vassforskrifta § 12.



I denne saken legger Statsforvaltaren til grunn at tiltaket vil gje ein midlertidig påverknad og at tilstanden i resipientane vil bli gjenoppretta når arbeidet stansar. Vi ser det derfor ikkje som sannsynleg at tiltaket vil kunne føre at miljømåla ikkje nåast, eller at tilstanden til vassførekomsten blir forverra. Krava i vassforskrifta er difor ikkje til hinder for å gje løyve etter forureiningslova.

Vedtak om løyve etter forureiningslova og forureiningsforskrifta til utfylling i sjø

Statsforvaltaren gjev løyve etter forureiningsforskrifta § 22. Statsforvaltaren har i avgjerda lagt vekt på dei forureiningsmessige ulemper ved tiltaket jamført med dei fordeler og ulemper som tiltaket dessutan vil medføre. Statsforvaltaren har regulert dei forholda som er vurdert til å ha dei mest alvorlege miljømessige konsekvensane.

I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å overhalde forureiningslova og produktkontrolllova, med tilhøyrande forskrifter. Nokre av forskriftene er nemnde i løyvet. For informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda, viser vi til heimesida til Miljødirektoratet www.miljodirektoratet.no.

Løyvets vilkår følger vedlagt dette brevet.

Endring og omgjerding

Vi vil påpeike at all forureining frå verksemda isolert sett er uønskt. Sjølv om utsleppa er innanfor dei fastsette grensene, pliktar verksemda å redusere utsleppa så langt som mogleg utan urimelege kostnader. Det same gjeld utslepp av komponentar det ikkje er satt grenser for gjennom særskilte vilkår.

Verksemda er pliktig til å unngå unødvendig forureining, jf. forureiningslova § 7. Viser det seg at forureiningsforholda endrar seg, kan Statsforvaltaren med heimel i forureiningslova § 18 endre vilkåra i løyvet og setje nye vilkår, og om nødvendig trekkje løyvet tilbake. Endringar skal vere basert på skriftleg sakshandsaming og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein endringssøknad må difor sendast i god tid før ei eventuell endring kan gjennomførast.

At vi har gitt løyve til forureining fritar ikkje erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som forureininga har ført til, jf. forureiningslova § 56. I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å overhalde forureiningslova og produktkontrolllova med tilhøyrande forskrifter. Nokre av forskriftene er nemnde i løyvet. For informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda viser vi til heimesida til Miljødirektoratet, www.miljodirektoratet.no. Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79.

Brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova og produktkontrolllova med tilhøyrande forskrifter er òg straffbart.

Rett til å klage

Partane involvert i saka og andre med særleg interesse kan klage innan tre veker frå verksemda har mottatt dette brevet, jf. forvaltningslova § 28. I ein eventuell klage skal det gå klart fram kva klagen gjeld, og kva endringar ein ønskjer. Klagen bør vere grunngjeven og skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland. Klageinstans er Miljødirektoratet.



Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket blir utsett. Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding, eller på eige initiativ, avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Ei slik avgjerd kan det ikkje klagast på.

De kan også klage på vedtaket om gebyrsats, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ein eventuell klage skal vere grunnlagt, og han må sendast til Statsforvaltaren i Vestland innan tre veker. Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at vedtaket blir utsett. Verksemda må difor betale det fastsette gebyret. Dersom Miljødirektoratet godtar klagen, vil overskotsbeløpet verte refundert.

Med helsing

Sondre Kaastad Sørsdal
rådgjevar

Vilde Omholt
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1 Løyvets vilkår

Kopi til:

KINN KOMMUNE
Norled AS v/Eirik Korsbø
iVest consult AS v/ Atle Halsnes

Postboks 294 6701 MÅLØY

Mottakerliste:

NORLED AS	Postboks 839 Sentrum	4004	STAVANGER
IVEST CONSULT AS	Strandgata 10	6905	FLORØ



Løyve etter forureiningsforskrifta til mudring i sjø ved gnr./bnr. 27/10 ved Færøya i Kinn kommune for Norled AS

Statsforvaltaren gir Norled AS løyve med heimel i forureiningsforskrifta § 22. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar i søknad av 31. januar 2023 og andre opplysningar som kom fram under sakshandsaminga. Løyvet gjeld frå dags dato og fram til anleggsarbeidet er avslutta.

Dersom de ønskjer endringar utover det som er opplyst i søknaden eller under sakshandsaminga og som kan ha miljømessig betydning, må de på førehand avklare dette skrifteleg med Statsforvaltaren.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan to år skal de sende melding til Statsforvaltaren om forventa oppstart, status i prosjektet med beskriving av eventuelle endringar som endrar risiko for forureining og evt. behov for endra avbøtande tiltak. Statsforvaltaren vil då vurdere behov for eventuelle endringar i løyvet og om endring av løyvet krev ny søknadsrunde.

Data om verksemda

Bedrift	Norled AS
Postadresse	Børehaugen 1, 4004 Stavanger
Kommune og fylke	Kinn, Vestland
Organisasjonsnummer/ eigd av	981940768

Statsforvaltaren sine referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Saksnummer
2023.0550.T	4602.0286.01 - Mudring ved kai Færøya 4602.0285.01 - Mudring innsegling Færøya	2022/14237

Løyve gitt første gong: 29. juni 2023	Endringsnummer:	Løyve sist endra:
Sondre Kaastad Sørdsdal rådgjevar		Vilde Omholt rådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk



Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Punkt	Endringar



Innhold

1	Rammevilkår	4
1.1	Omfang.....	4
1.2	Varsel om oppstart.....	4
2	Generelle vilkår	4
2.1	Plikt til å redusere forureining så langt som mogelig.....	4
2.2	Plikt til førebyggjande vedlikehald	4
2.3	Tiltak ved auka forureiningsfare	4
2.4	Miljøriskovurdering av anleggsarbeida	4
2.5	Ansvar	5
2.6	Erstatningsansvar	5
2.7	Kulturminne i sjø	5
2.8	Aktsemd ovanfor framande organismar	5
2.9	Sakshandsaming etter anna lowerk.....	5
3	Internkontroll, beredskapsplan og akutt forureining.....	5
3.1	Internkontroll.....	5
3.2	Beredskapsplan.....	6
3.3	Varsling om akutt forureining.....	6
4	Vilkår for utføring av tiltak i sjø.....	6
4.1	Generelt.....	6
4.2	Tidsavgrensingar	6
4.3	Sprengingsarbeid	6
5	Avfall	7
5.1	Generelle krav.....	7
5.2	Handtering av farleg avfall	7
5.3	Plast	7
6	Kontroll og overvaking, og rapportering til Statsforvaltaren	7
6.1	Plan for kontroll og overvaking	7
6.2	Sluttrapport.....	8
	• Dokumentasjon av levering av eventuelt avfall.....	8
7	Tilsyn.....	8



1 Rammevilkår

1.1 Omfang

Løyvet gjev vilkår for å redusere forureining frå mudring og sprenging i sjø på gnr./bnr. 27/10 i Kinn kommune.

Tiltaket i sjø omfattar mudring av ca. 400 m³ massar over eit areal på ca. 550 m². Mudringa inkluderer sprenging av ca. 215 m³ av ei grunne med innseglinga til Færøya, samt sprenging/mudring av ca. 185 m³ ved kai. Mudringa vil skje frå lekter.

Statsforvaltaren legg til grunn at tiltaka skal gjennomførast som nemnt i søknad av 31. januar 2023 med mindre anna er avtala med Statsforvaltaren.

1.2 Varsel om oppstart

Statsforvaltaren skal varslast om oppstart av anleggsarbeidet seinast ei veke før anleggsarbeida startar. Det kan varslast med ein e-post til sfvlpost@statsforvalteren.no.

2 Generelle vilkår

2.1 Plikt til å redusere forureining så langt som mogeleg

All forureining frå verksemda, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa vert haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa sine, medrekna støy, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkelige grenser for gjennom vilkår i dette løyvet.

2.2 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda sørge for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumenterte.

2.3 Tiltak ved auka forureiningsfare

Dersom det oppstår fare for auka forureining skal verksemda så langt det er mogleg utan urimelege kostnader setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om nødvendig må verksemda redusere eller innstille drifta.

Tiltakshavar skal så snart som mogeleg informere Statsforvaltaren om unormale tilhøve som har eller kan føre til vesentleg auka forureining eller forureiningsfare. Akutt forureining skal i tillegg varslast i samsvar med punkt 3.3.

2.4 Miljørisikovurdering av anleggsarbeida

Dette løyvets vilkår er basert på dei miljørisikovurderingane som er utført i samband med søknad om løyve etter forureiningslova og dei forslag til avbøtande tiltak som er omsøkte for å redusere fare for forureining til eit akseptabelt nivå.

Verksemda plikter å ha oversikt over alle aktivitetar og forhold som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risiko. Ved endra forhold skal miljørisikovurderinga oppdaterast. Resultata skal vurderast opp mot akseptabel miljørisiko.



Med utgangspunkt i risikovurderinga skal verksemda iverksette risikoreduserande tiltak. Både sannsyn- og konsekvensreduserande tiltak skal vurderast. Tiltakshavar skal ha ein oppdatert plan over risikoreduserande tiltak, og sikre at tiltak herifrå vert innarbeida og gjennomført.

2.5 Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for å sikre og dokumentere at vilkåra i dette løyvet vert stetta. Tiltakshavar pliktar å ha oversikt over alle aktivitetar som kan medføre forureining og kunne gjere greie for risikoforhold. Tiltakshavar pliktar vidare å orientere vedkommande som skal gjennomføre tiltaka om de vilkår som gjelder, samt de restriksjonar som er lagt på arbeidet.

2.6 Erstatningsansvar

Sjølv om løyve er gitt, pliktar den som forårsakar forureining eller annan type skade å svare for erstatning som måtte følge av alminnelege erstatningsreglar.

2.7 Kulturminne i sjø

Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum gjer merksam på at tiltakshavar pliktar å gje melding til museet (marinarkeologi@museumvest.no) dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Tiltakshavar må i så fall ikkje starte opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

2.8 Aktsemd ovanfor framande organismar

Vestland fylke har gjennom dei siste årene registrert ein auking i observasjonar av fremmedarten japansk sjøpung, allment kjent som Havnespy. Denne arten har stort invasjonspotensiale, og høg økologisk effekt. Det er ingen kjente observasjonar i tiltaksområdet, men arten er observert fleire stader i fylket. Statsforvaltaren minner derfor om plikta til aktsemd i medhald til forskrift om framande organismar § 18. I den står det at den som iverksette tiltak som kan medføre utilsikta spreieing av fremmande organismar i miljøet skal opptre aktsamt for å hindre at aktiviteten medfører uheldige følger for det biologiske mangfaldet. Frå § 18 del a og b vises det til at tiltakshavar skal ha kunnskap om risikoen aktiviteten inneberer, kunnskap til å treffe forebyggande tiltak og kunnskap til å raskt avdekke utilsikta spreieing av framande organismar.

2.9 Sakshandsaming etter anna lovverk

Dette løyvet frittek ikkje for handsaming etter anna lovverk som er relevant i saka, til dømes hamne- og farvasslova og plan- og bygningslova.

3 Internkontroll, beredskapsplan og akutt forureining

3.1 Internkontroll

Tiltakshavar pliktar å etablere internkontroll for sin verksemd i medhald til internkontrollforskrifta¹. Internkontrollen skal blant anna sikre og dokumentere at tiltakshavar stettar krava i dette løyvet,

¹ Systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter – forskrift av 06.12.1996 nr 1127 (internkontrollforskriften)



forureiningslova, produktkontrolllova² og andre relevante forskrifter til disse lovene. Tiltakshavar plikter å halde internkontrollen oppdatert.

Når ein tiltakshavar som oppdragsgivar engasjerer oppdragstakar (entreprenør eller liknande) til å utføre oppgåver på tiltakshavars anlegg, skal oppdragsgivar sørge for at oppdragstakar er kjent med og har internkontrollsystem i tråd med løyvets vilkår.

Tiltakshavar plikter alltid å ha oversikt over alle aktivitetar og forhold som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risiko. På basis av miljørisikoanalyse skal tiltakshavar sette i verk miljørisikoreduserande tiltak.

3.2 Beredskapsplan

Den ansvarlege skal sørge for å ha en nødvendig beredskap for å hindre, oppdage, stanse, fjerne og avgrense påverknad av akutt forureining for si verksemd, jf. forureiningslova § 40. Beredskap skal stå i et rimeleg forhold til sannsyn for akutt forureining og omfanget av skadane og ulempene som kan inntreffe. Beredskapsplikta inkluderer også utstyr og kompetanse til å fjerne og avgrense verknaden av forureininga.

Tiltakshavar skal utarbeide beredskapsplan for tiltaket. Ved endra forhold skal beredskapsplanen oppdaterast. Beredskapsplanen skal være tilgjengeleg og kjent for dei som utfører arbeid der akutte hendingar i flg. planen, kan oppstå.

3.3 Varsling om akutt forureining

Ved akutt forureining eller fare for akutt forureining som følge av tiltaket, skal den ansvarlege straks varsle på telefon 110, etter Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining fastsett av Miljøverndepartementet 9. juli 1992. Statsforvaltaren skal også varslast.

4 Vilkår for utføring av tiltak i sjø

4.1 Generelt

Tiltaka i sjø skal utførast på ein slik måte at finpartikulært materiale frå sjøbotn i minst mogleg grad blir spreidd. Sprengingsarbeida skal føregå på ein måte som minimerer undervasstøy og negativ påverknad på marine organismar. Dersom det oppstår utilsikta forureinings situasjonar skal arbeidet stanses og korrigerande tiltak gjennomførast.

4.2 Tidsavgrensingar

Av omsyn til gyte- og oppvekstperiode for torsk i tiltaksområdet, skal mudring- og sprengingsarbeid ikkje skje i perioden frå 1. februar til 15. juni.

4.3 Sprengingsarbeid

Sprenging skal vert gjort på ein måte som minimerer spreiiing av forureining og skal gjennomførast så skånsamt som mogleg. Mengde sprengstoff som skal nyttas ved kvar sprenging, skal dimensjonerast med den hensikt å redusere risikoen for påverking på ytre miljø, inkludert spreiiing av trykk, partiklar og plast.

² Produktkontrolllova av 11.06.1979 nr 79



5 Avfall

5.1 Generelle krav

Verksemda pliktar så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper å unngå at det blir danna avfall som følgje av tiltaka. Særleg skal innhald av skadelege stoff i avfallet avgrensast mest mogeleg. Tiltakshavar pliktar å sjå til at all handtering av avfall, under dette gjenvinning, blir utført i samsvar med gjeldande regler fastsett i eller i medhald av forureiningslova og avfallsforskrifta.

5.2 Handtering av farleg avfall

Verksemda skal handtere farleg avfall i tråd med avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall.

Farleg avfall som blir lagra i påvente av levering/henting skal lagrast slik måte at det ikkje fører til avrenning til grunn, overflatevatn eller avløpsnett. Lagra farleg avfall skal være merka og skal ikkje blandast saman med anna avfall. Lagring skal skje i tett container eller under tak på fast dekke. Lageret skal være sikra mot uvedkommande.

Farleg avfall skal leverast vidare til godkjend mottak eller behandlingsanlegg minst ein gang per år. Farleg avfall skal deklarerast på www.avfallsdeklarerer.no.

5.3 Plast

Det skal gjerast tiltak for å avgrense tilførsel av plast til naturen. Det skal gjennomførast opprydding av plast og annet avfall undervegs og i etterkant av tiltaket ved tiltaksområdet og nærliggande områder. Rutinar for dette skal føreligge skriftleg. Oppsamling av eventuelt avfall i sjøen skal loggførast. Rutinar for overvaking og oppsamling av avfall i sjøen skal inngå i overvaksingsplanen. Oppsamla avfall skal leverast til lovleg avfallsmottak.

Miljødirektoratet sitt faktaark³ M-1085 | 2018 kan nyttast som ein rettleier.

6 Kontroll og overvaking, og rapportering til Statsforvaltaren

6.1 Plan for kontroll og overvaking

Det skal utarbeidast ein kontroll- og overvaksingsplan for tiltaket. Planen må ha tilstrekkeleg omfang til å avdekke spreiring av forureining frå tiltaket, medrekna kontroll med spreiring av partiklar og plast. Kontroll- og overvaksingsplanen skal avdekke eventuelle negative påverknader på naturmiljøet frå anleggsarbeidet.

Kontroll- og overvaksingsplanen skal sikre at vilkåra i løyvet vert stetta, og planen skal utarbeidast i tråd med tilrådingane gitt i Miljødirektoratet si rettleiar for handtering av sediment⁴ M-350/2015.

³ Problemer med plast i sjø ved utfylling av sprengstein i sjø. Miljødirektoratet M-1085/2018

⁴ Veileder for håndtering av sediment. Miljødirektoratet M-350/2015



6.2 Sluttrapport

Det skal sendast inn sluttrapport frå arbeida innan 8 veker etter at anleggsarbeida er avslutta. Rapporten skal oppsummera anleggsarbeida, og skal innehalde:

- Skildring av gjennomføringa av tiltaka
- Opplysningar om mengder masse som faktisk har blitt mudra (i m³).
- Oversikt over uønskte hendingar, merknader og ei skildring av eventuelle avbøtande tiltak som er gjennomførte for å hindra uheldig påverknad på omgjevnadene.
- Dokumentasjon av levering av eventuelt avfall.

7 Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for Statsforvaltaren eller andre som har styresmakt, føre tilsyn med anlegget til ei kvar tid.



[Mottakernavn]
[Adresse]
[Postnr] [Poststed]
[Kontakt]

Saksbehandlar, innvalstelefon

Magne Nesse, 55 57 23 35

Endra løyve etter forureiningsforskrifta til mudring i sjø ved gnr./bnr. 27/10 ved Færøya i Kinn kommune for Norled AS

Statsforvaltaren endrar Norled AS sitt løyve til mudring i sjø. Endringa omfattar sprenging av tre små skjær i tillegg, ei auking frå ca. 400 m³ massar til ca. 625 m³ massar. Formålet med tiltaket er å betre innseglinga til Færøya og område ved kai for å leggje til rette for bruk av større fartøy.

Løyvet kan ikkje tas i bruk før det føreligg nødvendig løyve etter plan- og bygningslova.

Løyvet er gjeve med heimel i forureiningsforskrifta § 22-6, og endringa er heimla i forureiningslova § 18.

Vi viser til søknad motteken 26. august 2024 og vårt løyve datert 29. juni 2023 i same sak.

Vedtak om løyve

Statsforvaltaren endrar løyve til mudring i sjø til Norled AS. Løyvet er heimla i forureiningsforskrifta § 22-6 og endringa er heimla i forureiningslova § 18. Løyve er gjeve på spesifikke vilkår som er lista opp i eige vedlegg.

Vedtak om gebyr for sakshandsaming

Statsforvaltaren tar gebyr for arbeid med løyve og kontroll etter forureiningslova. På bakgrunn av Statsforvaltarens ressursbruk i saka, tek vi gebyr etter sats 7, 22 200 kroner, for handsaming av søknaden, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-3 og 39-4. Faktura vert sendt frå Miljødirektoratet. Sjå forureiningsforskrifta kapittel 39 for å lese meir om sakshandsamingsgebyret.


Om tiltaket

Det vil bli tatt i bruk nye båtar i båttransporttenestene i Florabassenget, og på grunn av krav frå Skyss/Vestland fylkeskommune vil dei nye båtane vere større enn dagens båtar. Føremålet med




mudringa er derfor å betre innseglinga til Færøya og å auke seglingsdjupet ved ein kai for å legge til rette for dei større båtane.

Norled AS fekk i vedtak 29. juni 2023 løyve til mudring/sprenging av ca. 400 m³ ved gnr./bnr. 27/10 ved Færøya i Kinn kommune. Mudringa inkluderte sprenging av ca. 215 m³ av ei grunne ved innseglinga til Færøya, samt sprenging/mudring av ca. 185 m³ ved kai, sjå figur 1.



Figur 1 – Oversiktsbilde som viser områda for undervasssprengning som vi gav løyve til i 2023 .

I søknad om endring 26. august 2024 vert tiltaket utvida med sprenging av tre grunner/skjær på til saman 224 m³ steinmassar ved gnr./bnr 27/10 i Kinn kommune (sjå figur 2 og 3)




Figur 1 Figuren synder dei tre grunnene (Veseth)



Arbeida inkluderer undervasssprenging og mudring slik at vassdjup etter mudring er under -3 meter. Tiltaket skal utførast frå skip med bruk av gravemaskin og grabbmudring. Mudra massar vil bli tatt om bord i lekter, og det er planlagt ombruk av massane i eit byggeprosjekt på land i Kinn kommune. Tiltakshavar ynskjer å gjennomføre tiltaka utanom gyte- og oppveksttida for kysttorsk. Arbeida er estimert som kortvarige, nokre veker.

Tiltaksområdet er registrert som eit regionalt viktig gytefelt for torsk (figur 2), og det er registrert fleire større tarekogførekomstar med verdi "svært viktig" i området (grønt område, "Marine naturtypar" i figur 2). Ca. 250 meter frå grunna som skal mudrast er det også registrert fiskeplassar for passive og aktive reiskap. Tiltakshavar har undersøkt grunna der det skal mudrast, og dei finnar ingen tareførekomst av betydning i det aktuelle området. Sjøbotnen består i hovudsak av berggrunn med eit tynt lag sand oppå.

Det er ingen kjente kjelder av forureining i nærleiken av tiltaksområda. Tiltakshavar har vore i samtaler med Velforeininga på øya, og det ikkje vore noko form for industri, båtverft eller liknande i området tidlegare.



Figur 2. Oversikt over fiskeriinteressar ved tiltaksområda. Henta frå Kystinfo.no



Saksgang

Den opprinnelege søknaden var sendt på høyring til Bergens sjøfartsmuseum, Sogn og Fjordane Fiskarlag, Kinn kommune og Fiskeridirektoratet.

Statsforvalteren handsamar søknader om løyver etter forureiningslova i samsvar med forureiningsforskrifta kapittel 36. Vi vurderer at endringa av løyvet vil være av mindre miljømessig betydning og har ikkje førehandsvarsla søknaden, med heimel i forureiningsforskrifta § 36-9.

Det endra løyvet vert sendt i kopi til Kinn kommune og Fiskeridirektoratet. Vedtaket og søknadsdokumenta vert offentleggjort på Statsforvalterens heimeside under kunngjeringar

Rettsleg grunngjeving for løyve

Forureiningslova

Mudring og dumping i sjø krev løyve etter forureiningsforskrifta § 22-6 når arbeidet skjer frå lekter. Statsforvaltaren er forureiningsstyresmakt etter forureiningsforskrifta. Når Statsforvaltaren vurderer om det skal gjevast løyve til forureinande verksemd, og eventuelt på kva vilkår, skal vi leggje vekt på forureiningsulempene ved tiltaket haldne saman med fordelar og ulemper tiltaket elles vil kunne føre til jf. forureiningslova § 11 siste ledd. Statsforvaltaren legg til grunn anbefalingar i Miljødirektoratets rettleiar M-350/2015 *Handtering av sediment* i vår vurdering av saka.

Naturmangfaldlova

Forvaltningsmåla i naturmangfaldslova §§ 4 og 5 ligg til grunn for Statsforvaltarens myndigheitsutøving. Videre skal prinsippa i §§ 8 til 12 om blant anna kunnskapsgrunnlag, føre-var-tilnærming og samla belastning leggjast til grunn som retningslinjer når Statsforvaltaren treffer avgjerder som rører ved naturmangfald.

Vassforskrifta

Søknader om løyve til tiltak i sjø og vassdrag skal også vurderast etter vassforskrifta. Vassforskrifta innehelder forpliktande miljømål om at myndigheitene skal sørge for at alle vassførekomstar skal oppnå god kjemisk og økologisk tilstand innan 2027 med mindre det er gitt unntak med heimel i § 9 eller § 10.

Avgrensing mot plan- og bygningslova

Statsforvaltaren kan ikkje gje løyve etter forureiningslova § 11 dersom dette er i strid med endelege planer etter plan- og bygningslova.

Søkjjar skriv at det er søkt dispensasjon for tiltaket frå Kinn kommune. Det endra løyvet frå Statsforvaltaren vil ikkje kunne tas i bruk før det føreligg nødvendige løyver/vedtak etter plan- og bygningslova frå kommunen.

Vår vurdering av søknaden

Statsforvaltaren vurderer at søknaden med tilhøyrande dokumentasjon er i samsvar med forureiningsforskrifta § 36-2 sine krav til innhald i søknader om løyve etter forureiningsforskrifta.



Statsforvalterens grunngjeving for endring av løyvet

Vi vurderer at endringa i form av tre nye skjær og ei auka mengd massar som skal handterast ikkje representerer auka fare for forureining eller negativ påverknad for marine artar, inkludert fiskeriinteresser. Arbeida skal gjennomførast med dei avbøtande tiltaka og dei tidsavgrensingane som vart vedteke i løyvet av 29. juni 2023. Vi viser til dei vurderingane vi gjorde i dette løyvet, og har lagt ved det opprinnelege løyvet som vedlegg til dette dokumentet.

Vurderingar etter naturmangfaldlova og vassforskrifta

Dette er en mindre endring så Statsforvalterens vurderingar av tiltaket etter naturmangfoldloven gitt i vårt vedtak 29. juni 2023, er gjeldande for denne endringa.

I denne saken legger Statsforvaltaren til grunn at tiltaket vil gje ein midlertidig påverknad og at tilstanden i resipientane vil bli gjenoppretta når arbeidet stansar. Vi ser det derfor ikkje som sannsynleg at tiltaket vil kunne føre at miljømåla ikkje nåast, eller at tilstanden til vassførekomsten blir forverra. Krava i vassforskrifta er difor ikkje til hinder for å gje løyve etter forureiningslova.

Endring og omgjerung

Vi vil påpeke at all forureining frå verksemda isolert sett er uønskt. Sjølv om utsleppa er innanfor dei fastsette grensene, pliktar verksemda å redusere utsleppa så langt som mogleg utan urimelege kostnader. Det same gjeld utslepp av komponentar det ikkje er satt grenser for gjennom særskilte vilkår.

Verksemda er pliktig til å unngå unødvendig forureining, jf. forureiningslova § 7. Viser det seg at forureiningsforholda endrar seg, kan Statsforvaltaren med heimel i forureiningslova § 18 endre vilkåra i løyvet og setje nye vilkår, og om nødvendig trekkje løyvet tilbake. Endringar skal vere basert på skriftleg sakshandsaming og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein endringssøknad må difor sendast i god tid før ei eventuell endring kan gjennomførast.

At vi har gitt løyve til forureining fritar ikkje erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som forureininga har ført til, jf. forureiningslova § 56. I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å overhalde forureiningslova og produktkontrolllova med tilhøyrande forskrifter. Nokre av forskriftene er nemnde i løyvet. For informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda viser vi til heimesida til Miljødirektoratet, www.miljodirektoratet.no. Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79.

Brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova og produktkontrolllova med tilhøyrande forskrifter er òg straffbart.

Rett til å klage

Partane involvert i saka og andre med særleg interesse kan klage innan tre veker frå verksemda har mottatt dette brevet, jf. forvaltningslova § 28. I ein eventuell klage skal det gå klart fram kva klagen gjeld, og kva endringar ein ønskjer. Klagen bør vere grunngjeven og skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland. Klageinstans er Miljødirektoratet.

Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket blir utsett. Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding, eller på eige initiativ, avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Ei slik avgjerd kan det ikkje klagast på.



De kan også klage på vedtaket om gebyrsats, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ein eventuell klage skal vere grunnlagt, og han må sendast til Statsforvaltaren i Vestland innan tre veker. Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at vedtaket blir utsett. Verksemda må difor betale det fastsette gebyret. Dersom Miljødirektoratet godtar klagen, vil overskotsbeløpet verte refundert.

Med helsing

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Magne Nesse
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1 Løyvets vilkår

Kopi til:

KINN KOMMUNE
Fiskeridirektoratet
iVest consult AS v/ Atle Halsnes

Postboks 294

6701

MÅLØY

Mottakerliste:

NORLED AS

Postboks 839 Sentrum

4004

STAVANGER



Endring av løyve etter forureiningsforskrifta til mudring i sjø ved gnr./bnr. 27/10 ved Færøya i Kinn kommune for Norled AS

Statsforvaltaren endrar Norled AS sitt løyve med heimel i forureiningslovas § 18. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar i opprinneleg søknad av 31. januar 2023, endringsøknad av 26. august 2024 og andre opplysningar som kom fram under sakshandsaminga. Løyvet gjeld frå dags dato og fram til anleggsarbeidet er avslutta. [Endringar i vilkåra er merka med blå skrift.](#)

Dersom de ønskjer endringar utover det som er opplyst i søknaden eller under sakshandsaminga og som kan ha miljømessig betydning, må de på førehand avklare dette skrifteleg med Statsforvaltaren.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan to år skal de sende melding til Statsforvaltaren om forventa oppstart, status i prosjektet med beskriving av eventuelle endringar som endrar risiko for forureining og evt. behov for endra avbøtande tiltak. Statsforvaltaren vil då vurdere behov for eventuelle endringar i løyvet og om endring av løyvet krev ny søknadsrunde.

Data om verksemda

Bedrift	Norled AS
Postadresse	Børehaugen 1, 4004 Stavanger
Kommune og fylke	Kinn, Vestland
Organisasjonsnummer/ eigd av	981940768

Statsforvaltaren sine referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Saksnummer
2023.0550.T	4602.0286.01 - Mudring ved kai Færøya 4602.0285.01 - Mudring innsegling Færøya	2022/14237

Løyve gitt første gong: 29. juni 2023	Endringsnummer: 1	Løyve sist endra: 04.09.2024
Sissel Storebø seksjonsleiar	Magne Nesse senioringeniør	

Dokumentet er godkjent elektronisk

**Endringslogg**

Endringsnummer	Endringar av	Endringar
1	Vilkår 1.1	Utviding av tiltaksområdet



Innhald

1	Rammevilkår	4
1.1	Omfang	4
1.2	Varsel om oppstart.....	4
2	Generelle vilkår.....	4
2.1	Plikt til å redusere forureining så langt som mogeleg.....	4
2.2	Plikt til førebyggjande vedlikehald	4
2.3	Tiltak ved auka forureiningsfare.....	4
2.4	Miljøriskovurdering av anleggsarbeida	4
2.5	Ansvar	5
2.6	Erstatningsansvar	5
2.7	Kulturminne i sjø	5
2.8	Aktsemd ovanfor framande organismar	5
2.9	Sakshandsaming etter anna lovverk.....	5
3	Internkontroll, beredskapsplan og akutt forureining	6
3.1	Internkontroll	6
3.2	Beredskapsplan	6
3.3	Varsling om akutt forureining.....	6
4	Vilkår for utføring av tiltak i sjø	6
4.1	Generelt	6
4.2	Tidsavgrensingar	6
4.3	Sprengingsarbeid	7
5	Avfall	7
5.1	Generelle krav	7
5.2	Handtering av farleg avfall	7
5.3	Plast.....	7
6	Kontroll og overvaking, og rapportering til Statsforvaltaren	7
6.1	Plan for kontroll og overvaking	7
6.2	Sluttrapport.....	8
	• Dokumentasjon av levering av eventuelt avfall.	8
7	Tilsyn.....	8



1 Rammevilkår

1.1 Omfang

Løyvet gjev vilkår for å redusere forureining frå mudring og sprenging i sjø på gnr./bnr. 27/10 i Kinn kommune.

Tiltaket i sjø omfattar mudring av ca. 400 m³ massar over eit areal på ca. 550 m². Mudringa inkluderer sprenging av ca. 215 m³ av ei grunne med innseglinga til Færøya, samt sprenging/mudring av ca. 185 m³ ved kai. Mudringa vil skje frå lekter.

Endringa omfattar mudring/sprenging ca. 227 m³ massar av tre grunner på eit sjøbotn areal på ca. 276 m².

Statsforvaltaren legg til grunn at tiltaka skal gjennomførast som nemnt i søknad av 31. januar 2023 og [endringssøknad av 26. august 2024](#) med mindre anna er avtala med Statsforvaltaren.

1.2 Varsel om oppstart

Statsforvaltaren skal varslast om oppstart av anleggsarbeidet seinast ei veke før anleggsarbeida startar. Det kan varslast med ein e-post til sfvlpost@statsforvalteren.no.

2 Generelle vilkår

2.1 Plikt til å redusere forureining så langt som mogeleg

All forureining frå verksemnda, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa vert haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemnda å redusere utsleppa sine, medrekna støy, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkelege grenser for gjennom vilkår i dette løyvet.

2.2 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemnda sørge for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumenterte.

2.3 Tiltak ved auka forureiningsfare

Dersom det oppstår fare for auka forureining skal verksemnda så langt det er mogleg utan urimelege kostnader setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om nødvendig må verksemnda redusere eller innstille drifta.

Tiltakshavar skal så snart som mogeleg informere Statsforvaltaren om unormale tilhøve som har eller kan føre til vesentleg auka forureining eller forureiningsfare. Akutt forureining skal i tillegg varslast i samsvar med punkt 3.3.

2.4 Miljøriskovurdering av anleggsarbeida

Dette løyvets vilkår er basert på dei miljøriskovurderingane som er utført i samband med søknad om løyve etter forureiningslova og dei forslag til avbøtande tiltak som er omsøkte for å redusere fare for forureining til eit akseptabelt nivå.



Verksemda plikter å ha oversikt over alle aktivitetar og forhold som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risiko. Ved endra forhold skal miljørisikovurderinga oppdaterast. Resultata skal vurderast opp mot akseptabel miljørisiko.

Med utgangspunkt i risikovurderinga skal verksemda iverksette risikoreduserande tiltak. Både sannsyn- og konsekvensreduserande tiltak skal vurderast. Tiltakshavar skal ha ein oppdatert plan over risikoreduserande tiltak, og sikre at tiltak herifrå vert innarbeida og gjennomført.

2.5 Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for å sikre og dokumentere at vilkåra i dette løyvet vert stetta. Tiltakshavar pliktar å ha oversikt over alle aktivitetar som kan medføre forureining og kunne gjere greie for risikoforhold. Tiltakshavar pliktar vidare å orientere vedkommande som skal gjennomføre tiltaka om de vilkår som gjelder, samt de restriksjonar som er lagt på arbeidet.

2.6 Erstatningsansvar

Sjølv om løyve er gitt, pliktar den som forårsakar forureining eller annan type skade å svare for erstatning som måtte følge av alminnelege erstatningsreglar.

2.7 Kulturminne i sjø

Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum gjer merksam på at tiltakshavar pliktar å gje melding til museet (marinarkeologi@museumvest.no) dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Tiltakshavar må i så fall ikkje starte opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

2.8 Aktsemd ovanfor framande organismar

Vestland fylke har gjennom dei siste årene registrert ein auking i observasjonar av fremmedarten japansk sjøpung, allment kjent som Havnespy. Denne arten har stort invasjonspotensiale, og høg økologisk effekt. Det er ingen kjente observasjonar i tiltaksområdet, men arten er observert fleire stader i fylket. Statsforvaltaren minner derfor om plikta til aktsemd i medhald til forskrift om framande organismar § 18. I den står det at den som iverksette tiltak som kan medføre utilsikta spreieing av fremmande organismar i miljøet skal opptre aktsamt for å hindre at aktiviteten medfører uheldige følger for det biologiske mangfaldet. Frå § 18 del a og b vises det til at tiltakshavar skal ha kunnskap om risikoen aktiviteten inneberer, kunnskap til å treffe forebyggande tiltak og kunnskap til å raskt avdekke utilsikta spreieing av framande organismar.

2.9 Sakshandsaming etter anna lovverk

Dette løyvet frittek ikkje for handsaming etter anna lovverk som er relevant i saka, til dømes hamne- og farvasslova og plan- og bygningslova.



3 Internkontroll, beredskapsplan og akutt forureining

3.1 Internkontroll

Tiltakshavar pliktar å etablere internkontroll for sin verksemd i medhald til internkontrollforskrifta¹. Internkontrollen skal blant anna sikre og dokumentere at tiltakshavar stettar krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova² og andre relevante forskrifter til desse lovene. Tiltakshavar plikter å halde internkontrollen oppdatert.

Når ein tiltakshavar som oppdragsgivar engasjerer oppdragstakar (entreprenør eller liknande) til å utføre oppgåver på tiltakshavars anlegg, skal oppdragsgivar sørge for at oppdragstakar er kjent med og har internkontrollsystem i tråd med løyvets vilkår.

Tiltakshavar plikter alltid å ha oversikt over alle aktivitetar og forhold som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risiko. På basis av miljørisikoanalyse skal tiltakshavar sette i verk miljørisikoreduserande tiltak.

3.2 Beredskapsplan

Den ansvarlege skal sørge for å ha en nødvendig beredskap for å hindre, oppdage, stanse, fjerne og avgrense påverknad av akutt forureining for si verksemd, jf. forureiningslova § 40. Beredskap skal stå i et rimeleg forhold til sannsyn for akutt forureining og omfanget av skadane og ulempene som kan inntreffe. Beredskapsplikta inkluderer også utstyr og kompetanse til å fjerne og avgrense verknaden av forureininga.

Tiltakshavar skal utarbeide beredskapsplan for tiltaket. Ved endra forhold skal beredskapsplanen oppdaterast. Beredskapsplanen skal være tilgjengeleg og kjent for dei som utfører arbeid der akutte hendingar i flg. planen, kan oppstå.

3.3 Varsling om akutt forureining

Ved akutt forureining eller fare for akutt forureining som følge av tiltaket, skal den ansvarlege straks varsle på telefon 110, etter Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining fastsett av Miljøverndepartementet 9. juli 1992. Statsforvaltaren skal også varslast.

4 Vilkår for utføring av tiltak i sjø

4.1 Generelt

Tiltaka i sjø skal utførast på ein slik måte at finpartikulært materiale frå sjøbotn i minst mogleg grad blir spreidd. Sprengingsarbeida skal føregå på ein måte som minimerer undervassstøy og negativ påverknad på marine organismar. Dersom det oppstår utilsikta forureinings situasjonar skal arbeidet stanses og korrigerande tiltak gjennomførast.

4.2 Tidsavgrensingar

Av omsyn til gyte- og oppvekstperiode for torsk i tiltaksområdet, skal mudring- og sprengingsarbeid ikkje skje i perioden frå 1. februar til 15. juni.

¹ Systematisk helse -, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter – forskrift av 06.12.1996 nr 1127 (internkontrollforskriften)

² Produktkontrollova av 11.06.1979 nr 79



4.3 Sprengingsarbeid

Sprenging skal vert gjort på ein måte som minimerer spreieing av forureining og skal gjennomførast så skånsamt som mogeleg. Mengde sprengstoff som skal nyttas ved kvar sprenging, skal dimensjonerast med den hensikt å redusere risikoen for påverking på ytre miljø, inkludert spreieing av trykk, partiklar og plast.

5 Avfall

5.1 Generelle krav

Verksemda pliktar så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper å unngå at det blir danna avfall som følgje av tiltaka. Særleg skal innhald av skadelege stoff i avfallet avgrensast mest mogeleg. Tiltakshavar pliktar å sjå til at all handtering av avfall, under dette gjenvinning, blir utført i samsvar med gjeldande regler fastsett i eller i medhald av forureiningslova og avfallsforskrifta.

5.2 Handtering av farleg avfall

Verksemda skal handtere farleg avfall i tråd med avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall.

Farleg avfall som blir lagra i påvente av levering/henting skal lagrast slik måte at det ikkje fører til avrenning til grunn, overflatevatn eller avløpsnett. Lagra farleg avfall skal være merka og skal ikkje blandast saman med anna avfall. Lagring skal skje i tett container eller under tak på fast dekke. Lageret skal være sikra mot uvedkommande.

Farleg avfall skal leverast vidare til godkjend mottak eller behandlingsanlegg minst ein gang per år. Farleg avfall skal deklarerast på www.avfallsdeklarerer.no.

5.3 Plast

Det skal gjerast tiltak for å avgrense tilførsel av plast til naturen. Det skal gjennomførast opprydding av plast og annet avfall undervegs og i etterkant av tiltaket ved tiltaksområdet og nærliggande områder. Rutinar for dette skal føreligge skriftleg. Oppsamling av eventuelt avfall i sjøen skal loggførast. Rutinar for overvaking og oppsamling av avfall i sjøen skal inngå i overvaksingsplanen. Oppsamla avfall skal leverast til lovleg avfallsmottak.

Miljødirektoratet sitt faktaark³ M-1085 | 2018 kan nyttast som ein rettleier.

6 Kontroll og overvaking, og rapportering til Statsforvaltaren

6.1 Plan for kontroll og overvaking

Det skal utarbeidast ein kontroll- og overvaksingsplan for tiltaket. Planen må ha tilstrekkeleg omfang til å avdekke spreieing av forureining frå tiltaket, medrekna kontroll med spreieing av partiklar og plast. Kontroll- og overvaksingsplanen skal avdekke eventuelle negative påverknader på naturmiljøet frå anleggsarbeidet.

³ Problemer med plast i sjø ved utfylling av sprengstein i sjø. Miljødirektoratet M-1085/2018



Kontroll- og overvakingsplanen skal sikre at vilkåra i løyvet vert stetta, og planen skal utarbeidast i tråd med tilrådingane gitt i Miljødirektoratet si rettleiar for handtering av sediment⁴ M-350/2015.

6.2 Sluttrapport

Det skal sendast inn sluttrapport frå arbeida innan 8 veker etter at anleggsarbeida er avslutta. Rapporten skal oppsummera anleggsarbeida, og skal innehalde:

- Skildring av gjennomføringa av tiltaka
- Opplysningar om mengder masse som faktisk har blitt mudra (i m³).
- Oversikt over uønskte hendingar, merknader og ei skildring av eventuelle avbøtande tiltak som er gjennomførte for å hindra uheldig påverknad på omgjevnadene.
- Dokumentasjon av levering av eventuelt avfall.

7 Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for Statsforvaltaren eller andre som har styresmakt, føre tilsyn med anlegget til ei kvar tid.

⁴ Veileder for håndtering av sediment. Miljødirektoratet M-350/2015